


## Når eksistensen blir utfordra, banker dei store spørsmåla på

**Tove Giske, førsteamanusis, forskings og fagutviklingssjukepleiar Haraldsplass diakonale sjukehus og Haraldsplass diakonale høgskole**

Når vi menneske begynner å forstå at vi kanskje har problem med helsa, begynner dei fleste av oss å fundere over korleis framtida vil bli. Å bli sjuk, å møte døden eller leve med ein trussel om dette, kan ofte sette i gang ein prosess som gjer at vi blir meir bevisste på kva som er viktig i livet. Det kan handle om tankar i forhold til korleis livet vil bli i framtida og om kva og kven som er viktige for oss. Slike spørsmål kan kallast for livsspørsmål. Forsking frå Norge har vist at mange nordmenn har vanskar med å snakke om eksistensielle tema og særlig om tankar i forhold til døden og trua (Ueland 1997, 2002, Mjølnerød 1997, Tornøe 1996, Tønnessen 1999, Bø 1999).

I denne artikkel vil eg gi eksempel på korleis norske pasientar som vert innlagde til utgreiing på sjukehus kan reflektere over livet og framtida, forholdet til nære andre og ikkje minst forholdet til Gud(Giske 2008, 2009).

**Det er viktig med venner og familie**



Ein del pasientar har ikkje tenkt så nøye gjennom dei store spørsmåla i livet, nokre kan kjenne det unaturleg å snakke med ein sjukepleiar om slike tema, mens andre kan synest at det er godt å få uttrykke meir eller mindre klare tankar om det som rører seg i dei. Ein samtale kan ofte starte med at pasienten fortel om relasjonar til menneske som er viktige for dei, som ektefelle, barn og vene. Å vere pasient på sjukehus gjer at den naturlege kontakten med nære andre vert redusert til visittar på sjukehus eller samtaler pr telefon. Som sjukehuspasient er ein tatt til side og hindra i å delta i aktivitetar som gir meinings- og avveksling i kvardagslivet. Ei kvinne reflekterer slik over det som ga livet hennar eit meiningsfullt innhald:  
Eg liker å gjer handarbeid. Og så er eg tante til mange barn og alle skal ha julegåve. Og så har eg ei veninne som sitter i rullestol. Ho ringer til

meg kvar dag fordi ho ikkje kan gå ut. Ho treng meg .... Å kunne vere til for andre, det er viktig!

Å bli halden fast i usikkerheit, som det å bli innlagt på sjukehus til utredning, kan vere, får både pasienten og dei nærmaste rundt til å tenke over kva som gir verdi og meinings til livet, og kva som verkeleg er av betydning når det kjem til stykket. Ein slik refleksjon over livet kan føre til nye perspektiv, som igjen kan lede til forbetra forhold til dei ein står nær. Ein uttrykte seg slik:

Ein får eit anna perspektiv på livet når ein er sjuk og ikkje veit heilt kva det er og i alle fall ikkje korleis det vil ende. Livet kjem i eit nytt perspektiv, og ein del ting blir små i den store samanhengens.

### Usikkerheit fører til djupare tankar

Nokre pasientar kan gå vidare og dele tankar i forhold til tru og tvil. Eit åpent spørsmål om kva som er viktig for dei eller kva dei er opptekne av, kan gi enkelte pasientar eit kjærkome høve til å fortelje om det som jobbar i dei. For somme kan dette vere tankar dei ikkje tidlegare har sett ord på verken til seg sjølv eller andre. Ein invitasjon til samtale kan vere som å opne ei dør til eit ras av tankar.

Opplevinga av å vente og å leve med uvisse gjer at mange blir meir bevis-

ste på at eksistensen var trua. Pasientar forheld seg til den trugande tanken om at døden kan vere nært føreståande på ulike måtar. Nokre opplevde dette som svært smertefullt, andre prøvde å fortrenge det meste og heller fokusere på det som var positivt. Ei gruppe hadde den holdninga at ingen ting var forandra før dei fekk den endelege konklusjonen på alle prøver og undersøkingar. Ei siste gruppe synest det var hardt å leve med usikkerheit, men fan litt kvile i erfaringar dei hadde gjort der dei hadde kome seg gjennom vansklege livssituasjonar tidlegare i livet.

Over 85 % av nordmenn er medlemmar av eit kristent kyrkjesamfunn. Kva det betyr for den enkelte varierer i stor grad. Mange pasientar som vert innlagde til utgreiing opplever å bli tatt til side, at livet blir helde på vent og at dei er i naud. Avhengig av kva bilde dei har av Gud, vil menneske vende seg til han på ulike måtar i ein slik vanskeleg livssituasjon.

### Gudsilde og bønner

Det å bli helde fast i venting og usikkerheit kan lede til at menneske som vanlegvis ikkje tenkjer på eller ber til Gud, vender seg til han fordi dei ikkje har andre å soke hjelp hos. Mange vaksne og eldre lærte å be som barn. Nokre har slutta med det, somme vender seg til Gud når nauda er stor, andre ber ofte



ei kveldsbøn og nokre snakkar fortruleg med Gud i kvardagen som han var ein nær ven. Ein pasient seier at han ikkje har noko forhold verken til tru eller bøn, men det å leve med usikkerheit over så lang tid har gjort at han vurderer å prøve noko nytt:

"Kanskje eg må begynne med dette no snart?" Han ler "Ja, eg må komme på noko nytt. Dersom dei ikkje klarer å finne utav dette her, så veit eg ikkje kva eg skal gjere..."

Ein mann, med mykje vanskelig livserfaring som han har lært seg å leve med, omtalar seg sjølv som realist.



For han er det viktig å ikkje grave seg ned i problema og det som er vanskeleg, men heller vere aktiv og stå på. Han er uvant med å snakke om forhold som har med tru å gjere, han liker det ikkje. Likevel deler han sine tankar og fortel:

"Eg forstår at det er noko andre kan trenge for å få hjelp i vanskelege tider. Men for meg, sidan eg er så mykje realist så har eg problem med å tru på slikt. Men eg forstår at det må vere noko, ja, forstå det og at det er muleg at eg også

treng det ein gong. Eg kan ikkje seie at eg aldri vil trenge det. ... Eg bad meir før, når eg var ung, men gjer det ikkje no lenger, når eg er vaksen."

Ein annan fortel dette når han blir spurt om plagene han har levde med over tid, og som legane ikkje klarer å finne utav.

"Eg har inga sterkt religiøs overbevisning enda mor mi og bestemor mi var sterkt truande. Eg har lært det gjennom å be kveldsbøn, men eg er faktisk fritenkar. Eg har ikkje endra tenkinga mi på grunn av problema eg har hatt, men eg har heilt opplagt tenkt gjennom dette. Og så har eg sett at når folk har det vanskeleg, ber dei til Gud. Tenk på det, dersom flyet kræsjer, då ber du også kanskje til Gud dei siste fem sekunda. Kanskje eg også ville gjort det då..."

Ei kvinne seier det slik:

"Eg har ikkje noko forhold til verken det eine eller det andre. Eg har ikkje noko tru. Vel, eg har mi barnetru, det seier eg til alle, og det står eg ved. Men eg tenker ikkje så mykje på det. Og så ber eg ikkje lenger."

På spørsmål om sjukehusophaldet har endra nok på dette, svarer ho: "Nei, eg antar at vår stakkars Herre ikkje kan bry seg med alle ting."

Ei anna kvinne seier at ho ikkje er religiøs, men at ho har si barnetru. Nokre gonger går ho til kyrkje, men finn ikkje styrke i det. Ho fortset: "Eg ber nokre gangar til Gud, det er slik ein gjer når noko er gale."

Men ein del pasientar fortel om at bøner blir bedt, korte, sårbare, hudlause bøner,

fylte med smerte, der dei tig-  
ger Gud om hjelp og legger  
seg over i ei større virkelegheit  
enn det helsevesenet tilbyr. Ein  
pasient uttrykte seg slik:

"Eg leser ikkje i Bibelen og eg  
går ikkje så ofte i kirka. Men  
når det er vanskeleg slik som  
no, ber eg denne lille bøna:  
"Vær så snill og pass på meg  
og la det ikkje vere så alvorleg  
som eg frykter. "Ho gret". Det  
er kanskje berre i slike situasjoner  
eg bruker han."

Endå ein pasient fortel om  
barnetrua si. Den er der og blir  
meir tydeleg når livet er van-  
skeleg, – som det å gå gjennom  
prøver og undersøkingar for å  
finne ut av kva som er gale.

"Eg bruker han berre når det  
er vanskeleg og  
eg ber: "Hjelp meg, pass på  
meg" og slikt.

Eg trur ikkje at eg  
seier alt til han liksom,  
det er meir som "Pass på  
meg". Eg leser ikkje i Bibelen  
og går ikkje i kirka, eg er ingen  
super-kristen, men eg har mi  
tru og eg trur at der er ein gud,  
det er nok for meg.

Når ting er vanskelege ber eg

ei lita bøn "Pass på meg og la  
det ikkje vere så vanskeleg  
som eg frykter (pasienten gret),  
det er vel berre i slike situasjoner  
eg bruker han."

Andre har eit meir åpent og  
dagleg forhold til Gud. Ei kvin-  
ner fortel at ho trur på Gud og  
sin frelser og at trua er vikt-  
ig for henne. Dette har ikkje  
forandra seg etter at ho kom  
på sjukehus. Ho tok med seg  
Nyttestamente sitt og etter at  
ho kom på sjukehuset  
sa ho til Gud:

"Kva meiner du med dette  
Gud? No må eg rapportere at  
eg er her. Eg ber, ja dei fleste  
av oss ber når vi er i nød. For  
meg er det viktig å både takke  
og be. Eg er ikkje ein sånn fan-  
tastisk person som går til kirka  
kvar dag, men eg har mi tru på  
min

måte. Og så seier  
eg – å Gud hjelp  
meg no (ho gret)  
eg kan ikkje klare  
meir no, no treng eg di hjelp."

### Avslutning

Å leve med usikkerheit og å  
vente på å få ein diagnose er  
ikkje tida for å åpne opp for dei

store forandringane i livet. Dei  
fleste pasientane ga klart ut-  
trykk for at dei tenkte meir over  
forholdet sitt til nære andre  
og til Gud i denne situasjonen.  
Mange fortalte om ei barnetru  
som hadde blitt meir bevisst  
for dei, og at dei bad meir enn  
dei vanlegvis gjorde. Byrden  
det er å leve med ein uavklart  
livssituasjon, usikkerheit for



framtid og frykt  
for kva utfallet  
av utredninga

kan bli, gjer at dei grublar over  
eksistensielle spørsmål. I dette  
arbeidet søker mange Gud i  
bønn og ber om beskyttelse og  
hjelp. Forteljingane deira viser  
oss eit mangfold i gudsbyilde  
og forhold dei har til den gud  
dei trur på. Dei snakkar veldig  
stille om dette, mange leiter  
etter ord og nokre gret. Mi tol-  
king av dette er at det er viktig,  
personleg og veldig sårbart  
for dei. At tru og bøn kan vere  
så viktig og samtidig så vårt er  
viktig innsikt vi kan ta med oss  
i samtalar med pasientar.



## Litteratur

Bøe, K.G. (1999) Åndelig omsorg – sanselig nærvær.  
En kvalitativ pasientundersøkelse. Hovedoppgave  
helsefag hovedfag – studieretning diaconi. Det teolo-  
giske fakultet, UiO.

Giske, T. (2008) Preparative waiting- a grounded theo-  
ry study of gastroenterological patients going through  
the diagnostic phase in a university hospital. Doctoral  
dissertation, University of Bergen.

Giske, T., Gjengedal, E. og Artinian, B. (2009) The  
silent demand in the diagnostic phase. Scandinavian  
Journal of Caring Science, 23(1), 100-106

Mjølnerød H. (1997) Pasientens åndelige/eksistensielle  
dimensjon slik den uttrykkes hos pasienter i livets  
sluttfase. Publikasjonsserie nr. 32, Institutt for Syke-  
pleievitenskap, Universitetet i Oslo.

Tornøe K. (1996) Kan vi trøste hjertene? Hvordan møte

alvorlig syke og døende pasienters åndelige behov?  
Oslo: Tano-Aschehoug.

Tønnessen S. (1999) Gud og døden snakker vi ikke om.  
Hvordan imøtekommer sykepleiere pasientens ånde-  
lige behov? Publikasjonsserie nr. 7, Institutt for Syke-  
pleievitenskap, Universitet i Oslo.

Ueland V. (1997) Kommunikativ kompetanse. En  
beskrivelse av sykepleierens handlingsrettede kom-  
petanse i å samtale om åndelige og eksistensielle  
spørsmål med kreftpasienter som har kort forventet  
levetid. Publikasjonsserie nr. 28, Institutt for Syke-  
pleievitenskap, Universitetet i Oslo.

Ueland V. (2002) Sykepleieren og den åndelige/eksis-  
tensielle samtalen. Hvordan kan vi konkret samtale  
med pasienten? Kreftsykepleie nr. 3, s.11-19.